
Fra: Olav Skarstein <o-skarst@online.no>
Sendt: 1. oktober 2019 21:47
Til: !Postmottak OED
Emne: Vindindustri på Haramsfjellet i Møre og Romsdal
Vedlegg: olje og energidep300919.docx

Kategorier: Gul kategori

Vyrde mottakar!

Vindindustrien er på ville vegar, det er derfor det norske folket reagerer.
Vindindustrien fortrenger fuglar, dyr og folk og gjer distriktsnorge til frålyttingsområde.
Vindindustrien ser kortsiktig gevinst og utbytte. Dette handlar berre om pengar – ikkje miljø!
Vindindustrien gjve blaffen i at det er distriktsnorge som produserer eksportvarer og landbruksvarer.
Med folketomt distriktsnorge vil landet tape eksport og matproduksjon.
Kva då med handelsbalansen?

Vel, vi har mange sukk her ute på kanten av landet, men vi veit at vi er viktige for økonomien.
Vindindustri eigd av utanlandske interesser er ikkje viktige for landet vårt.
Det er tapsindustri.

Personleg vil eg få stort økonomisk eigedomstap ved vindindustriutbygging i mitt buområde – og kjem derfor med krav.

Eg syner til vedlagte brev.

Med Helsing
Olav Skarstein
Fjelly 20
6293 Longva

Vindindustri på fjellet på Haramsøy Klage på utbyggingskonsesjon

Ei katastrofe for øymiljøet, natur, fugl, friluftsliv, busetnad og folk

Haramsøy og omliggande øyar er små, veldig små, det er ikkje plass til vindindustri dersom fuglar og folk skal overleve her. Øyane har store område med fuglefreding og ein del av den spesielle naturen er også freda. Med vindindustriutbygging vert viktige buområde på naboøyane ubrukelege. Her vil mange einskilde huseigarar få milliontap. Gamle folk kan ikkje flykte, dei unge kjem ikkje tilbake. Då går veldig snart infrastrukturen i dass og total fråflytting er ein realitet. Vindindustrien har oså ein helesmessig risiko grunna lyd.

Milliontap

Kan storsamfunnet forlange at vanlege borgarar skal ta milliontap for at utanlandske investorar skal få subsidiar, samstundes med rasering av norsk kystmiljø? Kan norske straumkundar forstå at dei skal få høgere nettleige, fordi utbyggerane gratis skal kunne frakte straum frå Norge til utlandet? Forstår norske politikarar kva dei held på med? Meir enn 100 eigedomar på Kjerstad, Flem og Longva vil tape meir enn 100 mill. kroner på vindindustrieventyret. Eigeomsverdiene vil rase, og mange hus blir ikkje råd å omsette. Det går ikkje fram at utbygger har tenkt å erstatte tapet til vanlege folk. Er det stat og kommune som vil erstatte tapet, eller er det grunneigarane? Som pensjonist har eg ikkje råd til milliontap.

Rettferd

Dersom ein utbygger påfører vanlege folk tap som følge av industrianlegg, er det heilt naturleg at han erstattar tapa. Det kan ikkje vere slik at ein utbygger berre skal hente inn fordelar og belaste lokalsamfunnet med ulemper og kostnader.

Naturinngrep og biologi

Haramsøy er ei lita øy liksom naboøyane. Vindindustriinngrep gjer derfor ei utruleg meir omfattande skade enn å plassere vindturbinane i Nordmarka i Oslo. Vindindustrien slår dagleg i hel fugl som ikkje forstår rotorspissane sin enorme hastighet. 2-300 km/t. Her er havørna utsatt. Turområde på øya vil bli redusert med ca. 50%. Det er veldig mykje. I tillegg viser det seg at vindturbinane er effektive innsektsdreparar – innsekt som er avgjerande for matproduksjonen i framtida. Det er heller ikkje lov å slå i hel havørn. Jfr. Straffelova.

”Straffelovens § 240 sier følgende;

Med fengsel inntil 6 år straffes den som forsettlig eller grovt uaktsomt minsker en naturlig bestand av fredede organismer som nasjonalt eller internasjonalt er truet av utryddelse”

Turisme

Vi har eit land som inntil no er høgt oppe på lista over land som er verd eit besøk. Vi har eit problem med høge prisar. Dersom vi har eit unikt produkt – natur i særklasse – så kjem nok turisten likevel og vil elske naturen. Men dersom natur i særklasse vert redusert til vindindustriområde, så kan vi ikkje forvente noko som helst.

Samanhengar og konsekvensar

Det er så mange samanhengar og dermed konsekvensar av industrien sin vilje. Ein industri som lovar og lyg så lenge det gjeld pengar. Ein industri som kjøper sanning i rapportar og dreg sløret ned over realitetane. Vi veit også at Norge har forplikta seg internasjonalt å tilbakeføre natur!

Nok igjen rettferd!

Eg har ikkje råd til å tape meir enn ein million kroner grunna utbygging av vindindustri, og krev at eit vedtak om at utbygging vert stogga eller å innehalde skadeserstatning til folket som bur her for verditap på eigedomar. Eg er sikker på at tilsette i både direktorat og departement ville ha kome med slikt krav, dersom det var deira eigedomar som fekk vindindustrien inn i hagen.

Olav Skarstein
Fjelly 20
6293 Longva